

## Kontrollutvalet i Aurland kommune

# Møtebok

**Møtedato:** 22.11.2023

**Møtetid:** Kl. 11:00- 15.25

**Møtestad:** Rådhuset, kommunestyresalen

**Saksnr.:** 13/2023 – 17/2023

<b>Følgjande medlem møtte</b>	<b>Parti</b>
Trond Mjøs, leiar	V
Monica Gjesdal Larsen, nestleiar	MDG
Kjetil Turlid	Ap
Anita Sæter Turlid	H
Sturle Ryum	Sp

<b>Forfall meldt frå følgjande medl.</b>	<b>Parti</b>	<b>Følgjande varamedlem møtte</b>	<b>Parti</b>

<b>Ugilde</b>	<b>Sak</b>	<b>Følgjande varamedlem møtte</b>

<b>Møteleiar:</b>	Trond Mjøs
<b>Frå sekretariatet møtte:</b>	Torgrim Halse og Harald Mo, PwC
<b>Frå administrasjonen møtte:</b>	Steinar Søgaard, kommunedirektør
<b>Frå revisjonen møtte:</b>	Rune Mydland og Frode Andre Ljøen, KPMG
<b>Andre som møtte:</b>	Kjell Bøe Bjørgum, ordførar
<b>Dokument utlevert i møtet:</b>	Kontrollutvalgsboka Artikkelen “Hjelp, jeg er ny i kontrollutvalget” frå NKRF
<b>Synfaring:</b>	
<b>Merknader:</b>	

Underskrifter:

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

## SAKLISTE

Sak nr.	Sakstittel	Ope/lukka
13/2023	Godkjenning av møteprotokoll 12.09.2023	O
14/2023	Drøftingssaker, skriv og meldingar	O
15/2023	Møteplan 2024	O
16/2023	Førebuing planarbeid - Plan for forvaltningsrevisjon 2023-2027	O
17/2023	Kjøp av revisjonstenester for Aurland kommune	O

### Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

#### Sak 13/2023 Godkjenning av møteprotokoll 12.09.2023

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Torggrim Halse	22.11.2023	13/2023

#### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteprotokoll frå møte 12.09.2023 vert godkjent

---

#### VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	12.09.2023	Sekretariatet for kontrollutvalet	Møteprotokoll frå møte 12.09.2023

#### 22.11.2023 KONTROLLUTVALET

Møteprotokollen er godkjent av det tidlegare kontrollutvalet på e-post etter møtet. Av medlemmane i det nye kontrollutvalet, var det berre Monica Gjesdal Larsen som var til stades på førre kontrollutvalsmøte. Ho var difor einaste som kunne signere møteprotokollen frå førre møte.

#### SAK-13/2023 VEDTAK

Møteprotokoll frå møte 12.09.2023 vert godkjent.

Samrøystes.

## Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

### Sak 14/2023 Drøftingssaker, skriv og meldingar

<b>Sakshandsamar</b> Torggrim Halse	<b>Møtedato</b> 22.11.2023	<b>Saknr</b> 14/2023
--	-------------------------------	-------------------------

#### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

##### Forslag til vedtak vedlegg 1-8:

Kontrollutvalet tek innhaldet i dokumenta til vitende.

##### Forslag til vedtak om orienteringar:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

#### SAK/VEDLEGG

Vedlegg nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	02.11.2023	Aurland kommune	Val av kontrollutval 2023-2027
2	13.10.2023	SEKOM - Sekreteriatet for kommunale kontrollutval	Kontrollutvalsdagane 23. og 24. januar 2024 - invitasjon
3	13.11.2023	NKRF - Norges kommunerevisorforbund	NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2024
4	13.11.2023	Sekretariatet	Presentasjon av lovreglane som regulerer kontrollutvalet samt kontrollutvalet si rolle i forhold til kommunestyret og administrasjonen i kommunen
5	02.11.2023	Aurland kommune	Tertialrapport 2. tertial 2023 med budsjettendringar
6	07.11.2023	KPMG	Skifte av oppdragsansvarlig revisor
7	13.11.2023	KPMG	Egenvurdering av uavhengighet
8	13.11.2023	KPMG	Revisjonsplan 2023 Aurland

#### 22.11.2023 KONTROLLUTVALET

##### Orienteringar:

##### Kommunedirektøren orienterte om:

- Tertialrapport 2. tertial 2023 med budsjettendringar.
  - Lønnsoppgjjer og dyrtid påverkar endringane og gir ein stor kostvekst. Dei auka utgiftene på drift er store, men i stor grad under kontroll.

- Den største utfordringa er å få dekkja behovet for arbeidskraft særskilt innanfor helse og omsorg, lege og barnehage.
- Økonomi- og handlingsprogram 2024-2027
  - På høyring frå i dag. Innhaldet ligg på nettsidene til kommunen og er interaktivt. Ein kan finne svar på mykje ved å navigere seg rundt i innhaldet, men det vil bli jobba med å forbetre språket, slik at det blir meir forståeleg.
  - Det er teikne eit nytt organisasjonskart, som skal tre i kraft frå og med nyttår. Det vil då vere tre kommunalsjefar høvesvis for områda 1) oppvekst, 2) helse og omsorg og 3) samfunnsutvikling. Desse vil ha ein rekke fullmakter frå kommunedirektøren.
  - Endringane i organiseringa vil påverke budsjettet for neste år. Til trass for at det ikkje er store reelle endringar, vil ein kunne sjå store “tekniske endringar” ettersom ulike postar no blir lagt under nye overordna einingar.

**Revisor orienterer om:**

- Presentasjon av relevant regelverk om revisjon og kontrollutval i kommunelova, praksis og framdriftsplan
- Revisjonsplan for 2023
- Det blei informert om mogeleg ugilde hjå saksansvarleg revisor grunna slektskap med kontrollutvalsleiar. Reglane for ugilde er truleg ikkje oppfylte, men KPMG sitt Risk Management-team vil kome med ei tilbakemelding.

**Kontrollutvalssekretariatet orienterte om:**

- Opplæring for kontrollutvalsmedlem. Sekretariatet ber om tilbakemelding i løpet av ei veke frå medlemane i utvalet på kva kurs dei ynskjer å delta på. Sekretariatet skal gi tilbakemelding til arrangøren NKRF om at strøyming/videoopptak er ynskjeleg.
- Det blei ikkje gått gjennom presentasjonen i vedlegg 4. Utvalet gir tilbakemelding i forkant av neste møte om dei ynskjer ein gjennomgang av presentasjonen på det komande møtet.

**Drøftingsaker:**

- Det vart ikkje fastsett noko om orienteringar til neste møte.

**SAK-14/2023 VEDTAK:**

Kontrollutvalet tek orienteringane og innhaldet i dokumenta i vedlegg 1-8 til vitende.

Samrøystes.

## Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

### Sak 15/2023 Utkast til møteplan for 2024

<b>Sakshandsamar</b> Torggrim Halse	<b>Møtedato</b> 22.11.2023	<b>Saknr</b> 15/2023
--	-------------------------------	-------------------------

#### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet går gjennom og reviderer vedlagte utkast til møteplan for 2024.

#### VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	22.11.2023	Sekretariatet	Utkast til møteplan for 2024

#### 22.11.2023 KONTROLLUTVALET

For å unngå å ha møter på torsdag som ofte har kommunestyremøter, vil møta bli lagt til tysdag eller onsdag etter samordning med møta i Årdal.

#### SAK-15/2023 VEDTAK

Følgjande møteplan vart fastsett for 2024 med møtetidspunkt kl. 10.00 - 12.00:

Møte	Tidspunkt
1. møte	14. februar
2. møte	24. april (kan bli flytta avhengig av kor tid rekneskapen er klar)
3. møte	5. juni
4. møte	11. september
5. møte	13. november

Samrøystes.

## Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

### Sak 16/2023 Førebuing planarbeid - Plan for forvaltningsrevisjon 2023 - 2027

---

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Torgrim Halse	22.11.2023	16/2023

---

#### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Saka vert lagt fram som drøftingssak for kontrollutvalet.

---

#### 22.11.2023 KONTROLLUTVALET

Harald Mo informerte om arbeidet med forvaltningsrevisjon og planarbeid i forkant.

Diskusjon i utvalet om korleis ein kan få eit godt grunnlag for prioriteringar for forvaltningsrevisjon. Det er eit ynskje om å ikkje berre sjå det frå administrasjonen si side, men òg frå innbyggjarane si side. Spørsmålet om det er mogeleg at administrasjonen kan utføre undersøkingar blant innbyggjarane blei diskutert.

Kontrollutvalet ynskjer å gjennomføre møter for kartlegging av aktuelle områder for forvaltningsrevisjon i mai eller tidlegare. Deretter vil utvalet fatte vedtak om framlegg til kommunestyret av ny plan for forvaltningsrevisjon seinast til juni-møtet.

#### SAK-16/2023 VEDTAK

Sekretariatet utfører arbeidet med risiko og vesentlegheitsvurderingar saman med kontrollutvalet.

Sekretariatet legg fram ei skisse til gjennomføring og framdriftsplan på neste møte.

Samrøystes.

## Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

### Sak 17/2023 Kjøp av revisjonstenester for Aurland kommune

---

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saknr</b>
Torggrim Halse	22.11.2023	17/2023

---

#### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Vedlagt tilbudsgrunnlag vert sendt over til innkjøpsavdelinga i Aurland kommune for kunngjering på Doffin innan utgangen av desember 2023. Svarfrist for å levere inn tilbod vert sett til 15. februar 2024.

Innkomne tilbod vert handsama i neste møte i kontrollutvalet, og basert på kontrollutvalet si vurdering av dei innkomne tilboda vert det laga ei tilråding til kommunestyret om val av tilbydar av revisjonstenester for perioden 01.07.2024 - 30.06.2026. Avtala vil ha ein opsjon på forlenging for perioden 01.07.2026 - 30.6.2028.

---

#### VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	22.11.2019	Sekretariatet	Unnteke offentlegheit etter offentlegheitslova § 14. Konkurransgrunnlag for kjøp av revisjonstenester for Aurland kommune

Utkast til konkurransegrunnlag er unnateke offentlegheit etter offentlegheitslova § 14 for å sikre at alle tilbydarar får innsyn i konkurransegrunnlaget samtidig.

#### 22.11.2023 KONTROLLUTVALET

Organisasjonskartet som er nytta i konkurransegrunnlaget vil bli byta ut med eit nytt frå og med nyttår. Dette må oppdaterast før sekretariatet sender konkurransegrunnlaget over til innkjøpsavdelinga i kommunen.

#### SAK-17-2023 VEDTAK

Vedlagt tilbudsgrunnlag, med endringa som kom fram i møtet, vert sendt over til innkjøpsavdelinga i Aurland kommune for kunngjering på Doffin innan utgangen av desember 2023. Svarfrist for å levere inn tilbod vert sett til 15. februar 2024.

Innkomne tilbod vert handsama i neste møte i kontrollutvalet, og basert på kontrollutvalet si vurdering av dei innkomne tilboda vert det laga ei tilråding til kommunestyret om val av tilbydar av revisjonstenester for perioden 01.07.2024 - 30.06.2026. Avtala vil ha ein opsjon på forlenging for perioden 01.07.2026 - 30.6.2028.